



Fløysand Va AS
Fløksand
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2472 - 18/22878

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:
30.10.2018

Godkjenning - løyve til utslepp av avløpsvann frå fritidsbustad - minirenseanlegg - gbnr 43/10

Tiltak: utsleppsløyve frå fritidsbustad

Byggestad: Gbnr: 43/10

Tiltakshavar:

Ansvarleg søkjar: Fløysand Va AS

Delegert sak 292/2018

SAKSUTGREIING:

Type utslepp: Sanitært avlaupsvatn med utslepp mindre enn 50 pe
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. Forureiningsforskrifta § 12- 5
Godkjenning: etter plan- og bygningslova§ 20- 1

Saksutgreiing:

Det er i søknad, journalført motteke 19.10.2018, søkt om utslepp for 5 pe, frå ein fritidsbustad på eigedomen gbnr 43/10 i Rosslandsvegen 1260.

I samsvar med søknad skal avlaupet reinsast i biologisk/kjemisk minirenseanlegg. Reinsa avlaupsvatn vert deretter ført til etterpolering/ sandfiltergrøft på eigedomen gbnr 43/10 og derfrå vidare til bekk med heilårsvassføring.

Eigedomen har kommunal vassforsyning.

Nabovarsling:

Utsleppet vart nabovarsla 10.10.2018 i samsvar med pb I § 21 - 3. Det er ikkje kome merknader til søknaden.

Planstatus:

Eigedomen gbnr 43/10 har i planføresegnene til kommuneplanen sin arealdel for Meland kommune status som LNF-område (landbruks-, natur og friluftsområde).

Tiltaket går på utbetring av avlaupsløysinga på fritidsbustad og krev ikkje dispensasjon.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Ansvarsrettar:

Det ligg føre gjennomføringsplan og erklæringar om ansvarsrett for tiltaket datert 18.10.18

Vurdering:

Eigedomen ligg i eit område med krav til reinsing av avlaupsvatn i biologisk/kjemisk minireinseanlegg med etterpolering. Det er ikkje mogeleg å føra avlaupet til sjø.

Minireinseanlegget skal ha dokumentasjon som tilfredstillir NS-EN 12566-3 eller tilsvarande standard for reinsegrad, slamproduksjon og gjennomsnittleg slamproduksjon. Anlegget det er søkt om har kapasitet til 5 pe.

Minireinseanlegget skal drivast og vedlikehaldast i samsvar med skriftleg drifts- og vedlikehaldsavtale. Slik avtale skal liggje føre før anlegget vert teke i bruk. Eigar av utsleppet er til ei kvar tid ansvarleg for ei eventuell forureining, jf § 7 Forureiningslova.

VEDTAK:

«Meland kommune gjev i medhald av forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5/§ 13-5 «Forskrift om begrensing av forureining» sin § 12-5, utsleppsløyve frå ein fritidsbustad, 5 pe, på gbnr 43/10 i samsvar med søknad journalført 19.10.2018 og på følgjande vilkår:

1. Avlaupet skal gå via typegodkjend biologisk og kjemisk minireinseanlegg der det reinsa avlaupsvatnet vert ført til terreng/etterpolering, slik motteke situasjonskart syner.
2. Slam frå anlegget skal leverast til godkjend mottak.
3. Det skal opprettast skriftleg serviceavtale med leverandør av minireinseanlegget før anlegget vert teke i bruk.
4. Eigar av utsleppet er til ei kvar tid ansvarleg for ei eventuell forureining, jf § 7 Forureiningslova.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-3 vert det gjeve løyve til etablering av minireinseanlegg på Gbnr43/10 , i samsvar med søknad journalført 19.10.2018. Anlegget skal plasserast som vist på situasjonsplan, journalført 19.10.2018, jf plan- og bygningslova § 29-4. Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendt erklæring, jf pbl § 23-3. »

Gebyr for sakshandsaming vert sendt til tiltakshavar.

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Er arbeidet ikkje igangsett seinast 3 år etter at løyve er gjeve, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn 2 år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Dersom utsleppet framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke.

Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/2472.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Larissa Dahl
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om utslepp av sanitært og kommunalt avløpsvatn GBNR 43/10
Situasjonskart
Erklæring om ansvarsrett og gjennomføringsplan
Serviceavtale

Mottakarar:

Fløysand Va AS

Fløksand

5918

FREKHAUG